SPRÅKLIG SAMLING

Nr. 4/64

JANUAR 1965

1964

5. ÅRGANG

LØSSALG 50 ØRE

GITT UT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

GJENVALG på landsmøtet

Sentralstyre og landsstyre

Landsmøtet 28. og 29. november i Oslo valgte dette sentralstyre, og landsstyre, og dessuten disse revisorene, økonominemnd og valgnemnd:

Sentralstyre:

Formann Rakel Seweriin
Nestformann Jakob Skauge
Kasserer Ivar Hundvin
Sekretær Jan Holme
Styremedlem Olav Tveitan
« Gunnar Mortensen
Redaktør Knut Kvigne
Varamann Gisle Gravem
« Waldemar Brøgger
« Magne Aksnes.

Sentralstyret pluss følgende medlemmer og varamenn utgjør **landsstyret:**

Svein Hofseth, Arendal
Leif Egerdahl, Sarpsborg
Halvor Dalene, Bø i Telemark
Lars S. Vikør, Vinstra
Kåre Holt, Holmestrand
P. K. Aamo, Surnadal

Over til side 2

Stortingsrepresentant
RAKEL SEWERIIN
formann
i Landslaget

TORKEL MAGNUSDAL:
Gammeldags skriftsystem skaper analfabetisme i England
Men språkreform i arbeid
Se side 6

OLAV DALGARD:
ISFRONTEN
Se side 9

PORTRETT AV
TRYGVE BULL
Se side 10

Nemnd til å redigere ordliste
Se side 4

Over fra side 1

Helge Ytrehus, Oslo
Lars Sødal, Vik i Sogn
Varamenn:
Thomas Refsdal, Rjukan, Brynjuf Sjetne, Lillehammer, Brynjulf Tangen, Arendal, Halldor Heldal, Oslo, Astrid Kvendbø, Surnadal, Malvin Magnussen, Sauherrad, Harald Romundset, Molde, Hartvig Sætra, Tromsø, Chr. Brekke, Gjøvik, Gustav Saastad, Otta, Reidar Morset, Selbu, Einar Tønnesen, Nøtterøy, Geirr Wiggen, Oslo, Birger Øverås, Kolvereid, Jorulv Svergja, Lillehammer, Jon Vidar, Skien, Jon Mathisen, Oslo.

Revisorer: Alfred Kvalheim, Gunnar Næss.

Økonominemnd: Halvor Dalene (form.), Leif Egerdal, M. Schjødt, Olav Lysberg.

Valgnemnd: Jon Mathisen, Gunnar Mortensen, Waldemar Brøgger, Ivar Hundvin.

LOVENDRING

Etter framlegg fra arbeidsutvalget gjorde landsmøtet et par viktige endringer i lovene.

Framlegget fra arbeidsutvalget gikk ut på at paragrafene 4 og 5 i lovene for Landslaget for Språklig Samling blir endra, slik at de kommer til å lyde:

§ 4. *Landsstyre og sentralstyre.*

a. Landsmøtet velger et sentralstyre med følgende medlemmer: Formann, nestformann, kasserer, sekretær, redaktør og to andre medlemmer. Tre varamenn velges blant landsstyrets medlemmer og varamenn.

b. Landsstyret velger dessuten 10 medlemmer som sammen med sentralstyret danner landsstyret. For disse velges så mange varamenn som landsmøtet bestemmer.
Landsstyret er vedtaksført når minst 9 medlemmer er tilstede, sentralstyret når minst 5 medlemmer er til stede. Fra møtene i sentralstyret skal det sendes protokoll til medlemmene i landsstyret.

§ 5. **Kontingenten.**
Landsmøtet fastsetter kontingenten. (Resten av den nåværende § 5 utgår.)

Det ble et lite ordskifte om enkeltheter i lovendringsforslaget.

Forslaget til ny § 4. a. ble enstemmig godkjent.

Landsmøtet fastsetter § 4. b. til å lyde:

Landsmøtet velger dessuten 10 medlemmer som sammen med de 7 i sentralstyret danner landsstyret. For disse velges så mange varamenn som landsmøtet bestemmer.
Landsstyret er vedtaksført når minst 9 medlemmer er til stede, sentralstyret når minst 5 medlemmer er til stede.
Fra møtene i sentralstyret skal det sendes protokoll til medlemmene og varamenn i landsstyret.

Forslaget til ny § 5 ble enstemmig godkjent.

Ikke estetisk vurdering av SPRÅK — men SOSIAL

Fransk: Gatespråk i Roma
Engelsk: underklassens språk
Litteraturspråket provencalsk: utskjelt
Norsk: ble underklassens språk

Er folkemål vulgært, er det ødelagt og forsimplet? Spurte lektor Svein Hofseth i et foredrag i Arendal nylig.

Det rimer i allefall ikke med det som har skjedd med «de ledende språk», fortsatte han :

Italiensk stammer f. eks. ikke fra den klassiske latin, — men er bygget på Toskanske dialekter. Franskens opprinnelse er gatespråket i Roma og kom til Gallia med romerske soldater og familier som slo seg ned der. Etter franskmennenes erobring av England i 1066, ble engelsk underklassens språk, et foraktet folkemål i motsetning til fransk. Men da nasjonalitetsfølelsen ble skapt etter striden med Frankrike, kom engelsk til heder og verdighet. Det beste eksempel på hvordan fordommer og feilvurderinger kan spille inn, finner vi i Frankrike. I Middelalderen var den sydfranske dialekten, provencalsk et fint litteraturspråk. Da den politiske makt ble samlet i Paris, førte det til at provencalsk ble foraktet og utskjelt, inntil forrige århundre da dikteren Misral tok det opp. I dag er provenclask anerkjent som et vakkert språk.

I Norge opplevde vi noe liknende. Landet bukket under politisk for Danmark og det gamle, høyt kultiverte norske språket klarte seg ikke mot dansken. Norsk ble underklassens språk. Vi opplevde igjen at språket ble stemplet som vulgært, ikke ut fra en estetisk vurdering, men fra en sosial vurdering.

HYTTER — GARASJER

Reisverk og utv. panel til hytter leveres montert på Deres tomt.

Tregarasjer - rekker og enkle - og STABIL vippeporter leveres.

Ring 533690 Oslo, og be om brosjyrer.

PAUL DAHLØ — HASLUM

SPRÅKLIG SAMLING

Redaktør: Knut Kvigne, Nedre Kalbakkvei 2 D, Oslo. Tlf. 25.19.74.

ORGANISASJONEN VÅR

Språklig Samling er ung som organisasjon, og medlemstallet er ikke stort.

Men det er forbausende hvor mange det er som deler synet vårt på norsk språkutvikling. Vi kan få brev fra alle kanter av landet, og fra folk i alle samfunnslag som forteller tydelig om interessa for det arbeidet organisasjonen står for.

Og de som steller med organisasjonen til daglig er ikke i tvil om at laget kan vokse til de dimensjoner som må til for å få meir fart i arbeidet. All sympati, og all interesse vi møter omkring bærer bud om det.

Men Språklig Samling er ikke en organisasjon som har penger å hjelpe seg med.

Skal vi få de midlene som må til for å ta opp et aktivt organisasjonsarbeid, må de komme fra de interesserte sjøl. Og det er vel også det eineste riktige.

Det ville klare seg godt om de som syner interesse og samhug husker på denne vesle tingen: *å ordne medlemskap*. Det skal ikke mer til enn en postgiroblankett til Postboks 636 — Oslo —. Kom det riktig mange av dem, ville vi mestre oppgava vår.

*

Sant nok, vi har ikke så få lag omkring i landet. Og ære være de som går i brodden. Men om vi hadde tillitsmenn over heile landet som tenkte mer på denne sida, den økonomiske og organisasjonsmessige, ville det gli.

Menn og kvinner som tok seg på tak og spurte i sin omgangskrets etter medlemer til oss? De skal fort få alt materiell, og alle opplysninger. Hvis de ikke tar initiativ og går i gang uten videre også.

*

Dette *må* til om vi skal komme videre.

Det var heldigvis å merke på siste landsmøte at deltakerne var mer opptatt av denne tingen enn før. Men med det vesle som er, har vi likevel vokst og fått et mer omfattende virke.

Og *da* er det kravet til organisasjonen og dens økonomi melder seg for alvår når vi «står oppe i ting».

Vi skal bare glede oss over at vi er kommet så langt. Medlemene, og de som gjerne vil være med oss, har sikkert ingen vansker med å forstå det som nå må til.

FRAMSYN

På den tida dette blir skrive, straks føre jul, har vi her hos landslaget att omlag 350 hefte — av eit opplag på vel 5.000. Men på den tida dette blir lese, ut i januar, vonar vi det ikkje finst att meir enn eitt — til arkivet!

Det som er på det uvisse er: Kor mange blir selde? Ingen kan vente at alt det som er fordelt, skal bli selt, og ingen av seljarane må ha vondt samvit for den saks skuld.

Dei som måtte ha att uselde hefte ber vi: Send dei ikkje tilbake! Send oss i staden eit postkort med opplysninger, så vi får oppgjøret til å stemme. Sender De betaling for ein del av dei tilsende hefta, så gjer vel å skrive på baksida av kupongen kor mange som er uselde. Betal til postgirokonto 1 63 78.

Landslaget vil elles takke dei mange medlemmene og andre som har hjelpt til med å selje heftet. Vi veit ennå ikkje korleis det økonomiske utfallet vil bli. Men heftet har fått særs god omtale i ei rekke aviser, noe som ventelig vil gjøre sitt til å få folk til å skjøne kva Landslaget for Språklig Samling verkelig står for.

Striden om *KASTA*

I «Framlegget til læreboknormal 1957, finner vi en god del interessante betraktninger om det omstridde *kasta*-verbet, som både «Rettskrivingskomiteen» av 1917 og seinere autoriteter legger stor vekt på.

Bokmålsgruppa i Språknemnda gir også uttrykk for de samme synspunkter som Torkel *Magnusdal* var en så sterk talsmann for på landsmøtet: at det står og faller med *kasta*. «Rettskrivingskomiteen av 1917» sier såleis:

«Formen k a s t a har været brukt litet i riksmaalslitteraturen, væsentlig bare i den folkelige replik, men i den ialfald fra Wergeland av. Den høres ikke sjelden i den ledige dagligtale og i jargon og må antas at ha fremtiden for sig i det maal som skal samle landet. Skjønt optagelsen av formen i skriftsproget maa sies at være litet forberedt og ikke kan anbefales i enhver stilart, finder komiteen at døren bør aapnes for den som for andre norskheter. Vi foreslaar «kasta» (fortid og fortids particip) tillatt i rm. i samme utstrækning og i samme forhold som tvelydene og hunkjønnsformen blir tillatt.»

Over til side 8

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING
Formann: Rakel Sewerin, Stortinget, Oslo, tlf. 41.38.10
Sekretær: Olav Eriksen, Postboks 636. Tlf. 33.10.96
Kasserer: Ivar Hundvin, Postboks 636. Tlf. 41.77.00

RAKEL SEWERIIN:

Takk til alle

de som sliter med grovarbeidet, medlemmer som betaler av seg sjøl — ofte mer enn det som er fastsatt, og takk til alle som skriver til oss og sier at «språklig samling, det er en sak jeg gjerne vil støtte».

Det er nesten utrulig at det nå om dagen går an å drive en organisasjon som Landslaget for Språklig Samling med bare frivillig hjelp fra mennesker som arbeider for saken i fritida si. Men slik er det. Ikke fordi vi ønsker at slik skal det være, men ennå har ikke organisasjonen nok inntekter til å dekke utgiftene til arbeidslønn for kontorhjelp. Følgen blir at mye kjedelig grovarbeid må gjøres av medlemmer som er villige til å gjøre det. Slik er det både i lokallaga og i Landslaget.

Likevel greide vi mer en vanlig i det året som gikk: Vi fikk ut det flotte juleheftet Framsyn, som ble godt mottatt. Her vil vi si hjertelig takk til alle som bidro til å gi juleheftet en høg standard både i innhold og utstyr, en takk til redaktøren, Kay-Olav Winther, og alle de han fikk med seg. Vi skal ikke — og vi kan ikke — nevne alle som hjalp oss med å få juleheftet sendt ut midt i julestria, men vi vil si en hjertelig takk til de som hadde det tyngste slitet, til Ivar Hundvin og de som hjalp til med ekspedisjonen. Mange var flinke med salget — det har vi alt fått vite — og nå venter vi på oppgjør fra de som ennå henger igjen.

Når vi går gjennom medlemskartoteket, er det lett å se at de som gir frivillige pengegaver også har betalt kontingenten i rett tid. De gjør det uten purring fra oss, og det er ei god hjelp, som vi takker for. Men de fleste av oss trenger nok ei påminning i det daglige maset, og den skal komme. Det er jo nettop de 8 kronene i året fra *alle* medlemmene, som setter oss i stand til å gi ut avisa og drive organisasjonsarbeid.

Vi merker ofte at vi kommer til kort, at vi ikke greier alle oppgavene så godt som vi kunne ønske. Nettopp derfor gir det både glede og undring å få brev fra øst og vest, ja til og med fra utlandet. Det er fra mennesker som skriver for å si at arbeidet for språklig samling vil de gjerne være med på og støtte, og de ber om nærmere opplysninger. Vi undres på åssen vi når fram til disse menneskene, og det gler oss at så mange av seg sjøl tar initiativet og slutter opp om Landslaget for Språklig Samling.

All den godvilje og hjelp vi har møtt i det året som gikk, vil vi takke for. Idet vi ønsker at godvilje, toleranse og vilje til positivt samarbeid må bringe oss nærmere det målet vi har satt oss, ønsker vi alle et godt nytt år!

Rakel Seweriin.

"Nynorsk beatnik med samnorsk heilskjegg"

Skr. i Dagbladet anmelder Sigmund Jakobsens «Gjennom brend by», og sier blant annet:

Mange av dikta hans er meir enn lovande. Det gjeld prosadikta «Grenseland» og «Fiskaren», vidare «Siste buss heim», «Desillusjon» og «Vindu mot verden». Andre gonger er han ikkje fullt så heldig, «Skodd» burde han stramma inn litt, medan sume andre dikt tvert imot er i magraste laget. Når det gjeld f o r m a t, har han ikkje alltid funne den rette balansen.

Men så er det språket hans. Han stig fram som ein skamdjerv samnorsk for-

Over til side 5

LANDSMØTET VALDE NEMND TIL

Å REDIGERE ORDLISTE

Som kjent la «samlenormalnemnda» med lektor Olav Halvorsen i Skien fram eit utkast til samlenormal for landsmøtet i fjor.

Dette utkastet er sendt ut til fleire sakkunnige som skal gå igjennom det. Det er ikkje ennå komi svar fra alle, men for å få det klart etterkvart, valde landsmøtet nå Halvor Dalene og Magne Aksnes som nemnd til å stå føre vidare arbeid med utgreiingane og førearbeid til samleordliste.

Einar Lundeby og Alf Hellevik skal være konsulentar.

Om denne posten på landsmøtet si sakliste, «Hva kan vi gjøre for å nå fram til ei samlende språkform» innleide Magne Aksnes og Einar Lundeby. Halldor Heldal som hadde tatt det på seg, blei sjuk like før, og måtte få Lundeby til å ta sin del av innleidinga.

Over til side 5

Nynorsk beatnik

Over fra side 4

fattar på nynorsk grunnlag. Han seier «et» og «ett» for «eit» og «eitt» — han talar om gråtkvalt stemme» — om «et fjernt minne for lenge siden» — «trærne i skogen — dei som får bo heime — slår tilbars — i lyset ovenfra — dei sier — menneskeskjebner — lenge hadde vi vært nær — lukk dine strenge auge — eller si et ord, bare ett». Og dette skal vera nynorsk?

Det er elles ikkje berre bokmålsord han blandar inn, han grip gjerne til engelske vendingar som ofte er svært gode, forresten:

Opp Pleasant Street,
gjennom Disillusion Avenue
og så Long Life Road....

Dermed blir blandingsmålet endå meir blanda.

Når det gjeld norske ordformer, satsar han altså på dei han trur vil slå igjennom, og kanskje er aningane hans rette i mange tilfelle. Vakkert er det likevel ikkje, det språket han byd på, verkar iallfall ikkje vakkert i dag. Men kanskje kjem det til å ta seg betre ut i året 2000?

Sigmund *Jakobsen:* Gjennom brend by. — Gyldendal. — 55 sider. — Pris: Kr. 15.00.

Skr.

Nemnd til ny ordliste

Over fra side 4

I innledinga si holdt Aksnes fram at målformene ikkje måtte få ro på seg til å stivne i tradisjonelle former. Som gode føregangsmenn i samnorsk lei nemnde han Olav Dalgard og Vegard Sletten. I fjernsyn og radio har vi folk som Per Øyvind Heradstveit og Olav Øverland som gjør eit godt arbeid.

Det måtte vidare være ei oppgave å få dagspressa meir interessert både ved innlegg om spørsmålet, og ved å fornorske det språket som blir brukt.

Aksnes hefte seg og ein del med forlaga og deira arbeid, og nemnde at ein kjend forlagsmann hadde sagt at han godt kunne tenke seg å få oversett ei utalandsk bok både til nynorsk, bokmål og samnorsk, som eit eksperiment.

Han kom til slutt inn på dei politiske partia, og meinte det måtte være mulig å få dei meir interessert i det tredje alternativet.

Det må kamp til for å få dei norske element inn i språket, sa Aksnes, og det viktigaste er nå kanskje å få ført arbeidet med ei samleordliste fram.

Einar Lundeby peikte på at det er store variasjonsmuligheter innafor de normaler som gjelder nå. I de siste 10—15 år hadde vi hatt en så opprivende strid, at det var vanskelig å gjøre noe nytt radikalt framstøt. Men sia 1960—61 hadde det imidlertid hersket et mer rolig klima på språkfronten, og han hadde inntrykk av at læreboknormalen var i ferd med å bli godtatt.

Når det gjaldt samleordlista så var det imidlertid ei oppgave å gå i gang med.

I debatten etter innleidingane nemnde formannen i landslaget, Rakel **Seweriin,** at i diskusjonen som gikk forut for Vogt-komiteen, synte det seg ein ting som var særlig interessant, nemlig at folk var mye opptatt av at det nå kunne gå mot språkfred.

Jon **Vidar** hadde lita tru på at det førde til noe å vende seg til dei politiske partia, mens

Knut **Kvigne** gikk inn for at ein vende seg til alle sammen med oppmoding om at dei gikk inn for **eitt** norsk. Han ba ellers om å skynde på med arbeidet til ein samlenormal.

Torkel **Magnusdal** peika på at den dagen ein har gjennomført a-orda og diftongar, er språkstriden slutt.

Olav **Dalgard** holdt fram at Språklig Samling representerer framtida i det kaos som det norske folk er oppe i i dag. I dei bygdene der dei har hatt nynorsk, og gått over til bokmål, skulle det være fin grunn for samnorsk.

Halvor **Dalene** kom attende til spørsmålet om arbeidet med samlenormalen. Sjøl om det ville ta eindel tid å arbeide ut ei ordliste, så måtte ein prøve å få det til. I spørsmålet om forleggar, kunne det og være ymse vegar til å løyse det.

Magnusdal opplyste at han hadde sitti i to år og pusla med eit slikt arbeid, og hadde faktisk eit manuskript liggande heime.

Gunnar **Mortensen** understreket at Språklig Samling ønsker større språklig frihet enn de to andre store språkleirene.

Svein **Hofseth** sa seg glad for at en var kommet fram til et moderat syn, og at det var stemning for forsiktighet.

Etter ordskiftet samla landsmøtet seg om denne fråsegna (forutan val av den nemnda som er nemnd i innleiinga):

«Språklig Samlings program er å føre bokmål og nynorsk sammen til ett skriftspråk.

Språklig Samlings landsmøte i Oslo 28. og 29. november 1964 uttaler:

Samlingsgrunnlaget for de to norske skriftmålene er full gjennomføring av a-ord (elva, sida, fjella, åra), a-verb (bada, virka, åpna) og diftonger (bein, reiv, laus) slik som i følgende eksempler: «Statsråden åpna utstillinga», «Barna bada ved øya» o. l.

Språklig Samling meiner at når disse formene er gjennomført i den offisielle rettskrivinga, er skillet mellom bokmål og nynorsk på det nærmeste borte.

I valg av ord og uttrykk må alle stå fritt, også i offisiell språkbruk.»

I den aktuelle situasjonen ba Landsmøtet departementet om å gjennomføre samme skrivemåte for ord som nå skrives ulikt i bokmål og nynorsk, ekeksempelvis: ellers-elles, sjølv-sjøl, være, vere, skjære-skjere o. l.

Andres meininger

Samnorsk vil ikke få sosial prestisje.

Trygve Bull har holdt foredrag i Studentersamfunnet i Kristiansand. Han sa bl. a. etter «Fedrelandsvennens» referat:

Over til side 6

— «De siste tyve år har vist at skulle vi få et språk etter Språklig Samlings hode innført ved stortingsvedtak, da ville det bli opprør, og jeg ville være med, sa stortingsmann Trygve Bull i et foredrag i går kveld for Studentersamfunnet i Kristiansand.

Emnet var «Språkfred?», og Trygve Bull næret ingen illusjoner om at man kunne komme fram til den gjennom beslutninger fra myndighetenes side. Det ville derimot ved hjelp av godvilje og intellektuell redelighet være mulig å oppnå en relativ språkfred. En mulighet som taleren hadde lansert og blitt hånet atskillig for, var å betrakte nynorsk og bokmål som to hovedvarianter av et norsk språk. I tilknytning til denne tanke ville Bull da ha en ordbok for «de tusen hjem» med alle norske ord, og dermed en utstrakt valgfrihet som det da stod opp til den enkelte å benytte seg av.

Det var visstnok foregått en viss demokratisering av språket. Men man måtte se i øynene at utviklingen stort sett gikk den motsatte vei. Den nye middelklassen seilte fram, og påvirkningen fra kringkasting og fjernsyn ville fremskynde prosessen til riksmålets fordel. Hver person har to språk, et høytidelig og et når han kaster jakken. Aformene er et spørsmål om stil.

Om samnorsk ble innført, ville dette språk ikke få sosial prestisje i de første hundre år, og ikke minst arbeiderklassen ville protestere på sine barns vegne. Trygve Bull hadde lest Språklig Samlings julehefte. Bare to av bidragsyterne hadde gjennomført det språk som Språklig Samling går inn for. Men dette språk som de ikke selv kan anvende, vil de at alle norske skolebarn skal bruke.»

Språklig Samling stiller fritt.

Vår gode venn i Kristiansand, lektor Torkel Magnusdal, kunne ikkje la Bull sin dom stå som inappellabel. Dagen etter foredraget i Studentersamfunnet skreiv han i «Fevennen»:

«I foredraget i Kristiansands Studentersamfunn felte Trygve Bull en hard dom over språket i Språklig Samlings julehefte. Bare to bidragsytere hadde gjennomført det språket som Språklig Samling går inn for.

Det er på sin plass å opplyse at Språklig Samling stiller ethvert medlem språklig fritt. Ingen tvinges til å bruke bestemte språkformer. Ingen forlanger av biskop Monrad Norderval, som har bidratt med en gripende artikkel om barneheimsarbeid, en artikkel som alle mennesker, ikke minst politikere og andre som steller med penger, bør lese — at han skal forandre sitt skriftspråk. Biskop Norderval er en mann i 60-åra og må få lov til å skrive som han har gjort alle sine dager. Det forhindrer imidlertid ikke at han forstår verdien av og støtter arbeidet med å føre de to norske skriftspråka sammen til ett.

Forfatteren Mikkjel Fønhus er i samme stilling. Men han bruker da former som løypa, sola, fra ei peispipe kruller kvit røyk seg opp, lufta, kulda, bjørkeskog, høg og barhoda, kappflyinga og snøføyka, narra, skaffa, ei sølvskei osv. Det er iallfall samnorsk.»

Ikke sydamerikanske tilstander.

Lektor Svein Hofseth, sier i «Tiden», Arendal om Rollsaka:

— Saken er den at det i våres lyktes Undervisningsministeren — Helge Sivertsen — noe som ingen har klart tidligere, nemlig å samle rundt et bord kamphaner fra alle språkleire for å diskutere, prøve å komme overens, finne fram til løsninger på de verste problemene, og forslag som kunne løse litt på språkfloken. Vi fikk Vogt-komiteen. Det er nokså klart at Riksmålsforbundet ikke samtidig kan ha representanter i en slik komité, og samtidig blåse i opprørsluren og oppfordre til sjøltekt. Jeg vet ikke hva som skjedde på kammerset i riksmålsleiren, men vi kan jo gjette. Hverken Høyre på Stortinget — som støtter Riksmålsforbundet — eller de oppnevnte medlemmer av Vogt-komiteen er interessert i sydamerikanske tilstander med private revolusjoner i ny og ne, hvor friske de enn kan være. — Noen har bedt noen å holde kjeft og personlig tror jeg lektor Roll har fått beskjed fra høyere hold om å innstille virksomheten. Ballongen sprakk, — men Sivertsens språkkomite sprakk ikke, og godt var det.

Engelsk språkarbeid

Av lektor Torkel Magnusdal, Kr.sand

På et riksmålsmøte i Lærerskolens aula i Kristiansand S for noen år sida uttalte foredragsholderen, en sekretær i Riksmålsforbundet, at det er en fordel at talespråket og skriftspråket ligger fra hverandre. Som støtte for sin påstand nevnte han engelsk, der det er stor forskjell mellom tale og skrift, og engelskmennene er godt fornøgd med det, uttalte han. Jeg tillot meg å protestere mot denne uttalelse, og pekte på at i England er et arbeid i gang med å føre skriftspråket opp til talespråket.

Et forslag om å sette ned ei rettskrivningsnemnd har vært satt fram i Parlamentet. Da jeg dessverre ikke hadde noen dokumenter om dette med meg, og da foredragsholderen aldri hadde hørt tale om noe slikt, blei jeg nærmest smilt ned.

Ikke på grunn av dette, men fordi engelsk språkarbeid interesserer meg, valgte jeg å reise til England da jeg fikk statens reisestipend. Og ved London Universitet fikk jeg innføring i det arbeidet som drives med å forenkle den engelske rettskrivninga. Det engelske talespråket er og har vært i stadig utvikling, mens skriftspråket — ortografien — har stått nesten stille i snart 300 år. Der er ofte en sjenerende man-

Dr. Stian W. Erichsen

Spesialitet

HUDSYKDOMMER

Arendal Tlf. 21297

gel på sammenheng mellom den måten en sier et ord på og den måten en skriver det på. Bokstavkombinasjonen ough f. eks. uttales på 9 forskjellige måter i disse 9 ord: tough, thorough, through, bough, cough, drought, though, hiccough, thougt. For den språkkyndige engelskmann faller det ikke vanskelig å finne den riktige uttale, men for de engelske barn er det verre, ja, det er så vanskelig at mange barn lærer det aldri. Dette er det det arbeides med i England i dag. Allerede Englands store dikter Bernhard Shaw var inne på tanken om å forandre den engelske skrivemåten. I rein forarging erklærte han at ordet **ghoti** skal uttales **fish,** for gh uttales jo f i cough, o uttales i i women og ti uttales sh i nation. Til sammen blir det altså FISH. Bernhard Shaw skapte også et eget alfabet, og ei av hans bøker, **Androkles og løva,** er gitt ut i vanlig engelsk tekst på den eine sida, og Shaws eget alfabet på den andre sida. I forordet står at Shaws alfabet er lett å lære, det minner mye om stenografteg. Men det er så fullstendig fremmendt og besynderlig at det, etter det jeg blei fortalt i England, har liten sjanse til å slå igjennom. Men et interessant forsøk på å forenkle den engelske ortografien er det.

Av ei avhandling av professor Eva Sivertsen «Rettskrivningsreform i engelsk» (Skriftspråk i utvikling. Cappelens forlag 1964. Oslo) framgår det at 1½ år kunne spares inn av skoletida i England dersom det engelske skriftspråk hadde et bedre skriftsystem. Og rapporter tyder på at der er en utbredt analfabetisme blant engelske barn og rekrutter. Dette betyr mye reint nasjonaløkonomisk, og derfor har offentligheta begynt å interessere seg for saka. I 1949 satte Underhusmedlemmet M. Follick fram et privat forslag om ei rettskrivningsreform. Denne skulle gradvis innføres i skolen, i kunngjøringer og i offentlige dokumenter. Forslaget falt, men med ubetydelig stemmeovervekt, 87 mot 84.

I 1953 satte imidlertid M. Follick fram et nytt forslag for Underhuset. Det gikk ut på å sette i gang undersøkelser av mulige fordeler ved å bruke en forenklet ortografi i de tidlige skoleår. Forslaget gikk igjennom i de to første stadier av behandlinga i Underhuset, men undervisningsministeren satte seg så bestemt imot at forslaget blei tatt tilbake.

Men trass i dette nederlaget kom forsøk med en forenkla skrivemåte i gang. Bak dette arbeidet står University of London Institute of Education samt flere andre institusjoner og ledende skolefolk. Resultata hittil synes å vise at barn vil lære å lese flytende på 2 år istedenfor tidligere på 3 år. Opplyses kan det også at ca. 200 forskjellige barnebøker er gitt ut i det nye alfabetet. Fortsetter dette å vise gode resultater, vil det kanskje føre til ei lovgiving om en læreboknormal, eller ei anna form for ei ny rettskrivning.

Under mitt opphold i London søkte jeg London universitet om tillatelse til å besøke en av de skolene som dreiv forsøk med det nye alfabetet. Universitetet var svært forsiktig med å gi slik tillatelse, da forsøksskolene hadde hatt så mange besøkende fra fremmende land at det var blitt redd for at det kunne skade arbeidet. Men etter ei tid fikk jeg underretning om at jeg skulle få mitt ønske oppfylt.

Det blei på alle måter et hyggelig besøk. Rektoren ved skolen hadde deltatt i kampene i Nord-Afrika, og nå vilde han gjerne høre om åssen okkupasjonstida hadde arta seg i Norge. Etter en prat om dette, og en god kopp te gikk vi ned i skolestua. Lærerinna, Valerie Kemp, fortalte at de 36 små elevene hennes uttrykte seg friere, talte klarere og var i det heile tatt mer sjølsikre enn gjennomsnittsbarn i 5-årsalderen. Viss de greidde å holde denne farten i framgangen, ville 75 % av klassen — i motsetning til de vanlige 10 % — komme til å lese perfekt innen 2 år. Ho lot flere barn lese tekster i det nye alfabetet for meg, og det gikk riktig greitt.

Dette er noen eksempler på den nye måten å ortografere på, med den gamle i parentes: whisl (whistle) — fløyte, yot (yacht) — lystjakt, windoe (window) — vindu, thimbl (thimble) — fingerbøl, sissors (scissors) — saks, oul (owl) — ugle, pensils (pencils) — blyanter, orranj (orange) — appelsin, kee (key) — nøkkel, ies (ice) — is, hors (horse) — hest, chær (chair) — stol, autum (autumn) — høst, appl (apple) — eple, osv. Den nye skrivemåten er, som en ser, atskillig lettere enn den gamle. På mitt spørsmål om åssen elevene greidde å gå over til vanlig skrivemåte, svarte Valerie Kemp at det gikk bra. Når de hadde lært den enklere form, falt den vanskeligere lettere.

Det heile er på forsøksstadiet, men viser det seg at den enklere skrivemåten slår igjennom, spørs det om ikke et nytt forslag i Parlamentet om ei rettskrivningsnemnd skulle ha betingelser for å bli vedtatt. Går det i orden, vil engelskmennene få et skriftspråk som vil ligge atskillig nærmere talespråket enn tilfelle er i dag.

Jeg fikk mye ut av mitt opphold i London. Blant anna blei det klarere for meg enn noen gang før at et skriftspråk forandrer ikke ortografien på eiga hand. Det må menneskene gjøre, og først etter grundige forarbeider og undersøkelser, slik som vi kjenner det fra arbeidet med våre rettskrivningsforandringer. I stilføring og ordvalg derimot forandrer

Striden om kasta

Over fra side 3

Og Bokmålsgruppa i 1957 ligger ikke etter:

Fortidsendelse -et resp. -a er det formelement som i høyest grad karakteriserer de to mål. Den første endelsen føles uten videre som uforenlig med selve det nynorske system, den andre endelsen har hatt vanskelig for å trenge inn i bokmålet tross den sterke utbredelse den har også i østnorsk folkemål (bl. a. i hovedstaden), og på tross av at den siden 1938 har vært jamstilt form. En tekst hvor denne endelse er konsekvent gjennomført, skiller seg i hele sin stiltone så sterkt fra det som har vært vanlig bokmål til denne dag, at en med en viss rett kan kalle en slik tekst «nynorsk» selv om den ikke ellers har nynorskens spesielle formelle og lydlige kjennetegn. Hverken en gjennomført bruk av hunkjønnsformer (i alle fall i konkreter) eller en utstrakt bruk av diftonger har noen slik virkning. Det er derfor ingen overdrivelse å si at tanken om at våre to skriftmål skal kunne gå opp i en høyere enhet, står og faller med om bokmålet er i stand til å gå over til denne form. Nynorsken kan ikke gi opp denne formen uten å fornekte selve sitt grunnlag, dertil er formen for utbredt i talemålet både i bygd og by over hele landet. (Vi taler her om de rene verbalformer; den adjektiviske bruk av partisippet står til dels i en særstilling, bl. a. på grunn av affiniteten til adjektivene av typen steinet(e), fillet(e).)

Språket i Johan Bojers 'Den siste viking'

Av lektor Torkel Magnusdal, Kristiansand S.

Den 25. april 1964 inneholdt Morgenbladet i Oslo følgende innlegg:

«J. B. Hjort er antagelig enig i at jeg brenner en bok, bestilt etter Bokskredets katalog, nemlig Johan Bojers «Den siste viking». Jeg hadde tenkt å sende den til barnebarn, bosatt i utlandet, men da jeg åpnet den for å skrive noen ledsagende ord, oppdaget jeg skandalen. Den var oversatt til samnorsk i den radikaleste form. Tenk, Bojer, som var så stolt av sitt velpleiede, norske sprog!! FY GYLDENDAL! Dere skulle brent den selv og ikke lurt den ut i et skred.

CECILIE LØDRUP».

Jeg har ofte gjennomgått «Den siste viking» med elevene og gledd meg over det friske norske språket i den. Og da advokat Hjort ikke reagerte på Cecilie Lødrups innlegg, og ingen andre satte tinga på plass, skreiv jeg like godt til Gyldendal, og fikk greitt svar: «Det er ikke til å komme forbi at det forekommer en mengde radikale, til dels ultraradikale, former i disse bøkene. I dette tilfelle skyldes det imidlertid forfatteren selv som i hele sitt liv ivret for å få slike radikale former i bøkene sine. Som De kanskje vil kjenne til var Johan Bojer medlem av den komite som forberedte rettskrivningen av 1917, og han gikk atskillig lenger i sine bøker som utkom i hans senere leveår. Forlaget hadde mange samtaler med Bojer angående rettskrivningen og forsøkte ofte å få ham til å benytte noe mere moderate former. Noen ganger gikk han med på det, men som oftest holdt han fast ved de radikale former, som han mente harmonerte bedre med stoffet». — Så langt Gyldendal.

Bojer var altså samnorskmann. Og det samme naturlige norske språket møter en for en stor del i de aller fleste av Bojers bøker. Her er a-ord, a-verb og diftonger, kort sagt, det som gir språket karakter og farge. Så Cecilie Lødrup kommer nok til å vente forgjeves på Gyldendals brenning av Johan Bojers bøker.

Morgenbladet fortjener kompliment for at det tok inn ei utgreiing om dette 21. nov. 1964. Ellers vil disse opplysninger antakelig interesser de aller fleste som arbeider med Bojers diktning.

Om Trygve Bull.....

Over fra side 10

til daglig kan fortelle om ein meisla og sterk Oslo-dialekt som ikkje haltar i kløyvd infinitiv?

Om han fikk rusle rundt der og lære at folkemålet slett ikkje kommer bare i fra bygda?

At dei titusener fra Hedemarksbygdene og sør og nord i landet med rotekte, sterke dialekter i sin oppvekst, må bøye av. Ikkje for det «kulturspråket» Bull snakka om i Kristiansand, men for eit rapt og smidig Oslo-mål som har alle gode kjennetegn på ein førande dialekt.

Ta Oslo-dialekten fra Carsten Byhring og Leif Juster, og legg «kulturspråket» i munnen deira. Da har dei ikkje meir dei skal ha sagt.

Men nå lever dei på ei språkform Oslo skolestyre vil til livs.

Dette er inga gravskrift!

Trygve Bull lever, men han blomstrer ikkje ennå. Knoppen blei fylt med kald snø så tidlig på vårparten. Han famlar som rimelig kan være. Sjøl trur han ikkje på blomstring før om hundre år. Men det er nå i dag — før snøskavlen brest.

---

et språk seg på en måte på eiga hand, der er stadig noe nytt. Ortografien må være underlagt lover og forordninger, ellers blei det kaos. Det bør alle mennesker merke seg, ikke minst riksmålsfolket.

Støtt Språklig Samling

Annonsér i Språklig Samling

OLAV DALGARD:

ISFRONTEN mot FOLKEMÅLET

I 150 år har ein vesentlig part av den høgare norske borgarklassen — i første rekke embetsfolk og handelsfolk — ført ein innbiten kamp for å halde det dansknorske «fellessproget» mest mulig purt og reint i det landet som fekk sin nasjonale fridom i 1814. Det uvanlige og merkelege skjedde at noen få prosent av folket som hadde fått si utdanning i dansk språk og kultur, stilte seg uforståande og fiendtlig mot dei første freistnadene på å skape eit særnorsk kulturgrunnlag og framelske eit norsk språk på grunnlag av det folkemål som blei tala av minst 90 % av innbuarane. P. A. Munch og Henrik Wergeland var mellom dei første som hugheilt gjekk inn for at folket skulle kvitte seg med dansken og sette alle krefter inn på å dyrke fram eit skriftmål på dei norske målføra som dei visste hadde utvikla seg frå det gammalnorske.

Dette norsk-norske programmet sette borgarskapet seg i mot av alle krefter. Dei ville ikkje vite av at det fans eitt norsk språk i landet, slik som Ivar Aasen førte umisskjennelege prov for med sin norske gramatikk og si vetskapleg funderte «Norsk Ordbog». — Dei unasjonale motkreftene heldt fram med å kalle den pure dansken for norsk i Norge. Og dette har dei drivi på med heilt opp i våre dagar.

Når det likevel har vakse fram eit verkeleg norsk skriftmål, og dansk-norsken medkvart har tatt opp meir og meir norsk ordtilfang og kvitta seg med ein god slump danske uttrykk og bøyingsformer, så har dette skjedd under stendig fanatisk motstand frå dei som med kvart kalla seg «riksmålsfolk» — under den falske påstand at dansk-norsken var «rikets sprog» — ein einerett som denne miste ved jamstellingsvedtaket i Stortinget i 1884.

Når ein ser tilbake på den forbitra striden som riksmålsfolket har ført mot all slag fornorsking av det danske bokmålet så må ein undras på kvar dette folket har sine nasjonale kjensler og instinkt forankra. Hos dei breie lag av folket kan det i allfall ikkje vere. — Ikkje ein gong oppnorskinga av våre geografiske stadnamn har dei mest nidkjære i nei-fylkinga vilja respektere ein mannsalder etter at desse blei stadfeste av Stortinget og alle statsinstitusjonar. I det herrens år 1964 står framleis meteorolog Smeby i norsk rikskringkasting og demonstrerer fordanska norske stadnamn! Og det aller merkelegaste er at denne gjengangaren frå dansketida gjør dette med norsk rettsvesens bifall! Riksmålsforbundet har i siste tiåret reist ein veritabel isfront mot all vidare oppnorsking av bokmålet. Det gjeld nå å få slått fast at «sproget» aldri har tatt i mot noen påverknad frå folkemålet! — Eit makelaust argument som blankt fornektar all nyare norsk språkhistorie. Nå skal det på død og liv fastslåas at «sproget» framleis er umottakeleg for noe slag særnorsk innblanding. — At desse norske kvinner og menn ikkje skjems! Men ein må spørre: er ikkje dette eit ytterst farleg argument for det språket som forkjemparane så gjerne kallar norsk, og krev skal bli Norges herskande nasjonalspråk? — Syner ikkje denne karantænementalitet just at «sproget» står på veike vaklande bein?

Sjølsagt går oppnorskinga av bokmålet sin faste naturlege gang kva så isfronten sier eller gjør. Ingen mur, han vere så høg han vera vil, kan hindre at talemålet og dei to skriftmål i dag nærmar seg kvarandre og stilar mot ei organisk sameining. Det einaste isfronten kan makte er å sinke denne naturlege utviklinga. Riksmålsfanatikarane representerer i dag den svarte, men i det lange løp hjelpelause reaksjon mot livets og kulturens krefter. Vi er underveis mot det samlande norske nasjonalspråket Wergeland drømte om og gjorde opptaket til. I litteraturen, i skolane, på Stortingets talerstol og jamvel på preikestolen kan ein konstatere korleis samnorsken breier seg, og mognas dag for dag i rettning av eit mangslunge, nyanserikt og fargerikt norsk kulturspråk som alle nordmenn kan kjenne seg heime i. — Så får meteorolog Smeby og likesinna stå der som dei saltstøtter dei er, til minne om ei slekt som gjekk til grunne i trua på falske unasjonale gudar.

———



KNUT KVIGNE:

..... I slekt med BLÅVEISEN

Han er som ein vill præriehest det aldri lykkas å legge seletøy på.

Nyleg var han i Kristiansand for å hauste jubel mot samnorsken. Det er lett gjort, og ingen veit det betre enn Trygve Bull.

For tjuefem år sia var han, kan vi si, den første samnorskmann som våga å tre fram. Sammen med Johs. A. Dale laga han ei ordliste som heitte «Maksimum» Og det **var** maksimum. Stort lenger kommer ikkje samlenormalen til å gå.

— Det skulle **aldri** ha vori gjort, sier han i dag.

I årevis stridde han, **aleine.** Det fanns ingen organisasjon som stødde han. Han fikk ta all Riksmålsforbundets eiter og galde. Alt snobberi som fanns i dette land hadde morro av han.

Dei første famlande steg likesinna gjorde, fikk han svi for, såsant det fanns noe å svi .

I disse åra blei det meir av **dobbel** svimerking. Samnorsktanken møtte mindre samhug i nynorskleiren enn han gjør i dag. Bull var jo riksmålsmann! Vi levde ikkje **mindre** den tida etter skriftens ord om at den som ikkje er med meg — — — enn vi gjør i dagens Norge.

Den gangen var han lektor. Han skreiv artikkel på artikkel i «Arbeiderbladet» om politiske emner, på eit «maksimum» som sådde språklige opprørstankar i unge sinn. Han og Natvig Pedersen kappas om det. Men stortingspresidenten måtte liksom skånas meir enn den villstyrige lektoren. Alle kunne henge hatten sin på han.

Er det noe å undras over at han mislika rollen som klehengar?

Han bøyde kne. Om det er rett, veit ingen, men sjølsagt fikk han skylda for vedtaket om moderate former i norskopplæringa i Oslo folkeskole.

Underskrivne skreiv eit brev til han den gangen, og skjelte han ut etter notar. Eller kanskje det gikk så langt som til unotar. Det var antakelig den første vennesæle helsinga han hadde fått for samnorskarbeidet sitt.

Men det var for seint. Eller **nå** meinte Bull at han hadde vori for tidlig ute.

Det er så med blåveisen. Han kommer «før bordet er dekket». Djup snø kan ofte dekke til knoppen, men han frys ikkje bort for det.

Og ennå famlar han under snøen.

———

Det hende i dei første åra etter krigen at ein stor lyrikar dro sverdet for det språket hans vakre verselinjer var skrivi på.

Ja, — kven gjør nå ikkje det når hans livsverk står der ferdig? Større skaldar har gjort det før han.

Opprøraren, gudsfornektaren og spottaren blei brått ein slags nasjonal-helligdom på vestkanten. Han hadde ikkje meir å gi av dei store gavene han hadde aust ut. Ikkje ein brodd meir, og kunne ein ikkje da trykke han til sitt bryst?

Ein karikaturtegnar fortalte soga slik: Den arme diktaren plassert på ein rokokkostol mellom to myndige, brystdigre matroner som granska han med stanglorgnett. Og godtok han da han balanserte tekoppen på dei ytterste fingertuppane.

Ingen kan tenke seg Trygve Bull med ein slik tekopp.

Det ville aldri i verda gå. Dei kom til å rette på «sproget» hans, og da fauk han vel i lufta og sa usømelige ting i «et godt hjem». Så dei kommer ikkje til å få hugnad av han.

Det ligger noe i familien som har fostra så mang ein blåveis —.

Kanskje — — eit tankeeksperiment: Om vi flytte han fra Husebygrenda og bort på tjukkaste Grorud? Midt i den flokken som

Over til side 8

MAGNE AKSNES:

BØR NYNORSKEN KONSOLIDERES

Bakgrunnen for dette motlegget er ein merknad i redaktør Olav Rytters kronikk i «Arbeiderbladet» den 2. oktober. Etter å ha sagt seg glad for den nynorske læreboknormalen skriver Rytter: «Difor må no denne litterære formfestinga av dei norske dialektane naglast til masta og stå der for minst ein generasjon framover. Nynorsken må no gå inn i ein formell konsolideringsperiode....»

Dersom Olav Rytter først og fremst tenker på nynorsken som opplæringsmål i skolen når han hevder dette, kan ein delvis være enig med han, enda vi samnorskfolk nok syns at jamvel læreboknormalen kunne trenge ymse større og mindre justeringar, med dei røynsler vi har med den etter første femårsbolken. La meg få nemne noen døme på det vi sikter til:

For det første burde kravet om samsvarsbøying av svake verb falle bort. Sjøl ungdom med godt dialektgrunnlag har store vanskar med å gjennomføre denne bøyinga, fordi systemet er i full oppløysing i mange målføre. Vidare burde *den* godkjennes som personlig pronomen. Mønsteret *temme-temmer* skulle gjelde for alle verb av telle-klassen. Tida er vel også inne til å tillate *er*-ending i presens av kaste-klassen. Endingane *-leg* og *-lig* burde jamstilles. Framfor alt: Ortografien *må* samordnes meir med bokmålsnormalen. Hyppige ord som *være, bare, skjære, sjelden, uten, ellers, sammen, sjøl, mulig, åpen, råtten, hode, speil, vindu, gave* osv. bør godtas i denne forma like godt først som sist. Vi ser alt nå kva som vil bli den endelige skrivemåten og kan like gjerne ta konsekvensen av det. I det lange løp skar det bare nynorskens prestisje å halde på stavemåtar som ikkje kan vinne fram i tevlinga med bokmålsformene. Det ville være meir enn trist om norsklærarane skulle måtte sitte enda ein mannsalder og rette *sjøl* til *sjølv, mulig* til *mogeleg* osv. Slikt fører også til unødig irritasjon blant elevane, ikkje minst blant dei som har nynorsk som sidemål, uten at ein kan si at den språklige vinninga med å halde på desse nynorske formene er særlig stor.

Meiner Olav Rytter at ein skal gå inn for konsolidering utafor skolen og? *Det* kan vel ikkje være meininga hans når han samstundes snakker om at det er «medveten innsats av våre forfattarar, journalistar og vitskapsmenn» som skal bringe dei to målformene sammen?

Alle skriveføre, både nynorskfolk og bokmålsfolk, skulle nå gå inn for å løyse denne viktige oppgava, så vi kan ha von om å komme oss ut av det språklige uføret før hundreåret er ute. Særlig burde dei enkeltpersonar som meistrer språket best, kjenne det som ei stor oppgave å drive varsam eksperimentering i samnorsk lei. Som framifrå føredøme kunne ein her nemne Olav Dalgard og Vegard Sletten. TV-reporterane Per Øyvind Heradstveit og Bjørn Haga viser oss vegen muntlig. La oss håpe at stadig fleire vil komme til etter kvart. I det minste burde vi alle prøve å la være å hindre ei naturlig utvikling, ved å akseptere dei nye, samlande formene som læreboknormalen gir høve til. Korfor skal somme nynorskfolk tvihalde på *ynske* når *ønske* er tillatt? Korfor skal bokmålsfolk vandre på *den brede veien* når vi alle kan møtes på *den breie vegen?*

I denne sammenhengen bør ein også streke under den viktige oppgava radikale aviser har. Både redaksjonelt og ellers burde desse blada gå over til å nytte samformer mest råd er, og ikkje som hittil stort sett bruke dei moderate formene i gjeldande rettskriving. «Dag og Tid» kunne godt ta i bruk sideformene i nynorsknormalen. Skal ein begrense seg til hovedformene, kjem ein også stundom borti inkonsekvensar. Ein kan t.d. skrive *mye*, men ikkje *noe*.

Er det da inga grense for samarbeidsviljen hos det samnorskvennlige nynorskfolket? kan ein spørre. Jo, det fins ei grense som ikkje er til å rikke: Vi firer aldri på kravet om *a-endingar* i framtidsnorsken. Vi kan ta Rytters eige døme som illustrasjon: «Mannen kasta garna ved øya.» Altså: Vi vil ha *a-ending på alle verb av kasteklassen, a-ending på inkjekjønnsord i fleirtall, bestemt form, og a-ending på hokjønnsord.* Til det kjem kravet om *diftongar.* At det rike heilnorske ordtilfanget må få komme til sin rett, er det vel svært få som går imot i dag, iallfall i prinsippet....

Men får vi stetta desse grunn-

Over til side 12

krava, har vi grunn til å være fornøgde. Det er trulig nyttelaust og taktisk uklokt å kjempe for andre i og for seg rettkomne krav som er mindre fundamentale, på område der utviklinga tydelig går nynorsken imot. Det er a-endingane, diftongane og ordtilfanget som blir nynorskens fremste bidrag til framtidsnorsken.

Har nynorsken betre råd enn bokmålet til å gå inn i ein konsolideringsperiode, slik Rytter hevder? Neppe. Vi er inne i ein periode med rask språklig utvikling. Konsolidering er knapt gjennomførlig verken i den eine eller den andre målforma på dette tidspunktet. Det vi må ta sikte på, er derimot å skape ein *fellesnorsk front* mot påverknaden utafrå. Derfor har vi ikkje råd til å spandere to-tre generasjonar på ei formell sammenarbeiding av målformene. Skal Vogt-nemnda gjøre framlegg om konsesjonar, må det bli i sentrum. Det er det einaste det er noe meining i viss vi ser språkproblemet vårt under ein større synsvinkel. Nå er det på høg tid vi begynner å *samarbeide* og slutter å trekke kvar sin veg.

HUSFLID

Et parti ekte selskinnstøfler med sameband elastikk

kan leveres til sesongen i den utstrekning lageret rekker.

Pent emballert i svart/gull.
Standardleveranse 25 par i nummer-inndeling.

Vår spesialitet:

Småsuvenirer. Minitøfler av selskinn og elglegg.

S PRODUCTION LTD.

TELE: 15742 – BERGEN

Bøker — Papir — Kontorsaker

LINDAHLS BOKHANDEL

Telefon 4410 – EIDSVOLL

Alt i KLÆR og SKOTØY

PETTER STEFFERUD

EIDSVOLL

BLI MEDLEM!

☆

STØTT SPRÅKLIG SAMLING

☆

Skriv til adresse postboks 636, Oslo og be om nærmere opplysninger.

HEGLANDS TRYKKERI FLEKKEFJORD